Silje Korsfur Ebbesvik
Mykingvegen 1285
5957 MYKING

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Astrid Riise | 14.05.2020 |
| Vår: 20/9144 - 20/28317 | astrid.riise@alver.kommune.no | |

# Registrert avvik i septiktank - gbnr 38/118

**Tiltak:** Utbetring septiktank
**Byggjestad:** Gbnr: 38/118
**Tiltakshavar:** Silje Korsfur Ebbesvik

Alver kommune har den 07.05.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved siste tømming den 06.05.2020 vart registrert framandelement (store mengder filler) i septiktanken på eigedommen din med adresse Mykingvegen 1285, 5957 Myking.

Framandelement i septiktanken kan tette utløp og røyr. Tette utløp og røyr kan føre til at kloakk finn vegen opp gjennom toalett og sluk. Framandelement i septiktanken kan og føre til at tanken ikkje lar seg tømme. Dersom ein septiktank ikkje blir tømt regelmessig, kan slam og avfallsstoffer flyte rett gjennom septiktanken og forureine nærmiljøet.

Det følgjer av forurensningsloven § 7 første ledd at *«(I)ngen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning»* uten at det er gitt løyve.

I medhald av forurensningslova § 7 fjerde ledd jf. andre ledd kan kommunen påleggje den ansvarlege for forureining, om å sørgje for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av forureininga. Med bakgrunn i nemnde forhold, oppmodar me deg til å ikkje kaste filler, våtserviettar el. lignande i sanitærutstyr.

**Dersom dette fortset, vil framtidig tømming av tanken bli vanskeleggjort og kan føre til ein ekstra, unødvendig kostnad for deg.**

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til:

- post@alver.kommune.no
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Silje Korsfur Ebbesvik | Mykingvegen 1285 | 5957 | MYKING |